



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	06.12.2018
Tid:	14:00 – 21:40

Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Silje Oksholen Gjelseth	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

Egil Kjell Leikanger	MEDL	AP
Silje Oksholen Gjelseth	MEDL	AP
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Bjørn Otterlei	MEDL	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP

Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK
-----------------	------	------

Varamedlemer som møte:

Jarle Digernes	Egil Kjell Leikanger	AP
Johnny Hundsnes	Silje Oksholen Gjelseth	AP
Endre Igesund	Henry Jøsokbakke	V
Jan Arve Drabløs	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Lars Ivar Moldskred	Bjørn Otterlei	H
Mette Lokna Nedreberg	Marthe Vågsholm Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Tor Inge Sporstøl	Dag Kåre Nærø	FRP
Rolf Arne Nilsen	Frank Roy Moltu	FOLK

Andre:

Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller
Økonomileiar Geir Egil Olsen

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemne i kvar gruppe.

Det møtte 24 faste og 8 varamedlemer, 1 mindre enn fulltalig.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Hilde Marie Brungot og Olaug Andreassen

Lars Ivar Moldskred kom i møte kl 17.00, etter handsaming av K-sak 153/18.
Johnny Hundsnes gjekk frå møte kl 17.00, etter handsaming av K-sak 153/18 og
Silje Oksholen Gjelseth tok plass.

Mette Lokna Nedreberg gjekk frå møte kl 17.30, etter handsaming av K-sak 153/18.

Kjell Runde stilte spørsmål om status i saka skuleveg Sandvika.

Hilde Marie Brungot

Arnulf Goksøyr
underskrifter

Olaug Andreassen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 132/18	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 133/18	Protokoll frå førre møte.
PS 134/18	Delegerte saker
PS 135/18	Referatsaker
PS 136/18	FV 654 Skarabakken – finansiering og oppstart av vidareføring av gangveg
PS 137/18	Forskotering av spelemidlar og MVA-kompensasjon til "Frifotanlegg", Moltustranda idrettslag
PS 138/18	Vågsholmen Utvikling AS - søknad om avtale om overføring av justeringsrett for inngåande mva
PS 139/18	Utbyggingsavtale med Vågsholmen Utvikling AS - Overtaking av kommunaltekniske anlegg for framtidig drift og vedlikehald
PS 140/18	Interkommunalt samarbeid om felles brannsjef med Vanylven kommune
PS 141/18	Oppstart utgreiing av felles brannvern - Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta
PS 142/18	Barnevern. Godkjenning av vertskommuneavtale mellom Herøy og Vanylven.
PS 143/18	Forskrift om anløpsavgift for Herøy kommune - Endringar av forskriftstekst og avgiftssatsar for 2019
PS 144/18	Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune - Endringar i prisar og vilkår for 2019
PS 145/18	Revidering av forskrift og satsar etter lov om eigarseksjonar
PS 146/18	Revidering av forskrift og satsar for handsaming av private plansaker - gebyrregulativ
PS 147/18	Feie og tilsynsgebyr 2019
PS 148/18	Gebyr for unødige brannutrykkingar
PS 149/18	Avfallsgebyr 2019.
PS 150/18	Gebyrregulativ for Slamtøming 2019.

- PS 151/18 Gebyrregulativ 2019 - Avlaupsgebyr.
- PS 152/18 Innføring av avgift for sal av tobakksvarer i Herøy kommune
- PS 153/18 Avgiftssatsar for brøyting av private vegar 2019
- PS 154/18 Lokale innkjøp av skulemateriell.
- PS 155/18 Herøy kulturskule - rammeplan
- PS 156/18 Låneopptak i 2018 og for perioden 2012-2017 for SSIKT.
- PS 157/18 Rettleiande satsar for utmåling av sosialhjelp 2018
- PS 158/18 Vidareføring av nettbrett til politikarane
- PS 159/18 Endring av vedtektene for Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT)-låneopptak.
- PS 160/18 Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - Fastsetjing av valdag.
- PS 161/18 Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022 - Tredje handsaming
- PS 162/18 Høyring om endring i drosjereguleringa - oppheving av behovsprøvinga m.v.
- PS 163/18 Avgrensa revidering av "Prioritert handlingsprogram" i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019-2022
- PS 164/18 Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern. Tilsyn og oppfølging
- PS 165/18 Fritak frå politiske verv - Frode Hammerseth

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 264/18 Alfhild Sande 16/35 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 265/18 Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - løyve til tiltak
- DS 266/18 Nils Ottar Reite 28/34 Tiltak hagestove - ferdigattest
- DS 267/18 Ferdigattest tilbygg - 34/75
- DS 268/18 Svanhild Helde 40/13 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning - løyve til tiltak
- DS 269/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - igangsettingsløyve tekniske fag
- DS 270/18 Svein Hugås - 45/188 - 2 mannsbustad
- DS 271/18 Skjenkeløyve for Oktoberfestivalen - løyve til enkeltarrangement
- DS 272/18 Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 273/18 Ragnvald Vågsholm 33/97 og 33/98 Tiltak skredvoll og grunnarbeid tomt - løyve til tiltak
- DS 274/18 Lasse Myrhol 37/227 tiltak ombygging bustad - løyve til tiltak
- DS 275/18 Ann Helen Karlsen og Sigvald Frøystad 29/18,19 tiltak sjøkollektor - løyve til tiltak
- DS 276/18 Etablering av bru til Vågsholmen - Dispensasjon frå reguleringsplanar
- DS 277/18 Knut Voldnes og Lars Voldnes 87/5 og 87/9 - Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 278/18 Tony Mikkelsen - 40/61 - Sjøkollektor
- DS 279/18 Ferdigattest - tilbygg 46/27
- DS 280/18 S. Storøy AS 4/343 Tiltak bustad - løyve til tiltak
- DS 281/18 Norhus Ørsta as - 4/288 -Løyve til endra plassering carport
- DS 282/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg - Igangsettingsløyve
- DS 283/18 Konstantinas Balsevikius - 8/29 - Einebustad
- DS 284/18 Ronny Djupvik - 44/20 - Frådeliing

- DS 285/18 Ole Zahl 12/39 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 286/18 Arne Driveklepp 17/11 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
Referatsaker
- RS 44/18 Referat frå møte i ungdomsrådet 18.04.2018.
Delegerte saker frå avdelingane
- DS 287/18 Ferdigattest - 37/492 seksjon 1
- DS 288/18 Kristine Helde og Sverre Ytrebø Rødset 4/330 Fasadeendring - løyve til tiltak
Referatsaker
- RS 45/18 Referat frå møte i ungdomsrådet 19.09.2018.
- RS 46/18 Referat frå møte i ungdomsrådet 21.11.2018.
Delegerte saker frå avdelingane
- DS 289/18 Løyve til tiltak - Seksjonering av gnr. 5 bnr. 81
- DS 290/18 Asbjørn Myklebust - 37/384 - Løyve til endring - frådelling
- DS 291/18 Ferdigattest - 34/1 - gapahuk
- DS 292/18 Per Mulvik AS 86/52 - riving brannskadd hus - igangsettingsløyve
- DS 293/18 Marine Harvest AS 38/8 - utfylling og planering av industriområde - rammeløyve
- DS 294/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak kasselager/kjølerom - Igangsettingsløyve
- DS 295/18 Oluf Teige 5/16 Tiltak fritidsbustader (5/81) - førebels bruksløyve
Referatsaker
- RS 47/18 Ny vidaregåande skole i Herøy
Delegerte saker frå avdelingane
- DS 296/18 Endring av styrar og stedfortredar ved Thon hotel Fosnavåg
Referatsaker
- RS 48/18 Rutine for høyring av råd og komitear i plansaker
Delegerte saker frå avdelingane
- DS 297/18 Sunnmøre jordskifterett - 5/3 og 5/55 - Frådelling

DS 298/18 Stian Jøsok 86/11 tiltak
garasje/reiskapshus med liten bueining i 2.
etasje - løyve til tiltak
Referatsaker

RS 49/18 Nærøykrysset - status pr. november 2018
Delegerte saker frå avdelingane

DS 299/18 Ferdigattest - 31/34 - støyskjerm

DS 300/18 Andreas Klungsør 54/1 Tiltak naust -
løyve til tiltak
Referatsaker

RS 50/18 Løyve til tiltak - Seksjonering 4/338
Delegerte saker frå avdelingane

DS 301/18 Mellombels bruksløyve - 34/166 - seksjon
nr 1 og 2

DS 302/18 Borgar Nærø 24/5 Oppmålingsforretning -
løyve til frådeling

DS 303/18 Ferdigattest - 4/328

DS 304/18 Ågot Remøy, Svein Voldsund og Kitty
Håheim 12/43, 59 Deling grunneigedom -
løyve til tiltak

DS 305/18 Olav Arntsen - 9/115 - Fasadeendring

DS 306/18 Knut Ove Aspevik 50/4 Naustrekke -
bruksløyve for 3 naust

DS 307/18 Johannes Eggesbø - 38/2 - Frådeling

DS 308/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg-
og VA- anlegg - endring av gitt rammeløyve

DS 309/18 Ferdigattest 42/12 seksjon 11

DS 310/18 Serveringsløyve - melding om endring.

DS 311/18 Ferdigattest - terrasse - 12/309

DS 312/18 Sjøkanten as - 24/18 og 44 - Riving av
bygg

DS 313/18 Tømrer Service as - 46/87 - endring av
løyve - ny fasade og takutforming

DS 314/18 Konstantinas Balsevikius - 8/29 - endra
koteplassing av bygg

DS 315/18 Lars Petter Lillebø - 16/128 - Veg til
Fritidsbustad

DS 316/18 Åse-Lill Bjørneset 27/29 Deling av
grunneigedom - løyve til tiltak

Referatsaker

- RS 51/18 Referat frå møte i ungdomsrådet
24.01.2018
- RS 52/18 Referat frå møte i ungdomsrådet
21.03.2018.
Delegerte saker frå avdelingane
- DS 317/18 Ragnvald L. Vågsholm 33/97 og 33/98 og
Kjellaug Vågsholm 33/3 Deling
grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 318/18 Marine Harvest AS 38/8 Tiltak
kasselager/kjølerom midlertidig bruksløyve
kjølerom
Referatsaker
- RS 53/18 SSR - Innkalling til møte i
representantskapet torsdag 15. november
2018 kl. 10.00
- RS 54/18 Referat frå møte i ungdomsrådet
23.05.2018.
- RS 55/18 Referat frå møte i ungdomsrådet
18.06.2018.
- RS 56/18 Herøy - Møteprotokoll kontrollutvalet
21.11.2018
- RS 57/18 Avslag
- RS 58/18 Særutskrift AMU-sak 20/18: Sjukefråvær
1. tertial 2018
- RS 59/18 Styringsgruppemøte 3K - referat frå møte
29.okt 2018

PS 132/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 133/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 134/18 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

PS 135/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

PS 136/18 FV 654 SKARABAKKEN – FINANSIERING OG OPPSTART AV VIDAREFØRING AV GANGVEG

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Herøy formannskap godkjenner avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune og finansierer opp prosjektet slik:

Frå

Konto 02300 (Nybygg/nyanlegg/rehabilitering), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging) kr 3 089 905,00,-

Konto 04290 (Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon), ansvar 5011, funksjon 332, prosjekt 70028 (trafikktrygging kr 772 476,25.-

(Kjøpet vert belasta prosjekt «trafikktrygging» som tidlegare er lånefinansiert)

PS 137/18 FORSKOTERING AV SPELEMIDLAR OG MVA-KOMPENSASJON TIL "FRIFOTANLEGG", MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Herøy kommunestyre godkjenner at det kan forskotterast spelemidlar og MVA-kompensasjon til «Frifot»-anlegget med inntil kr. 3 000 000,- og fram til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt. Dette tilsvarer inntil 85% av budsjettbeløpet for spelemidlar og mva-kompensasjon.

Forskoteringa vert gitt under føresetnad av at søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan vert godkjent av Kulturdepartementet.

PS 138/18 VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - SØKNAD OM AVTALE OM OVERFØRING AV JUSTERINGSRETT FOR INNGÅANDE MVA

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då sonen er styremedlem i Vågsholmen Utvikling AS.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1.ledd, bokstav b.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. «Avtale vedkomande overføring av justeringsrett mellom Vågsholmen Utvikling AS og Herøy kommune» med vedlegg vert vedteken.
2. Ordførar får fullmakt til å underteikne avtalen.
3. Det vert teke atterhald om at utbyggjar har handsama berekning av grunnlag for justering av refusjon/frådrag for inngåande mva på rett måte.
4. Vedtaket føreset at eigedomsretten til trafikkareala m.m. slik det framgår av reguleringsplan for området vert overført til kommunen.

PS 139/18 UTBYGGINGSAVTALE MED VÅGSHOLMEN UTVIKLING AS - OVERTAKING AV KOMMUNALTEKNISKE ANLEGG FOR FRAMTIDIG DRIFT OG VEDLIKEHALD

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då sonen er styremedlem i Vågsholmen Utvikling AS.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1.ledd, bokstav b.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Protokoll frå overtakingsforretning vedkomande Vågsholmen vert godkjent og kommunen overtek dei kommunaltekniske anlegga for framtidig drift og vedlikehald i følge tidlegare godkjend utbyggingsavtale. **Overtakinga er gjeldande frå dato for godkjenning av overtakingsforretninga i kommunestyret.**

PS 140/18 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM FELLES BRANNSJEF MED VANYLVEN KOMMUNE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles brannsjef for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Avtalen gjeld frå 01.01.2019.

PS 141/18 OPPSTART UTGREIING AV FELLES BRANNVERN - HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN OG ØRSTA

Møtebehandling:

Ole Brubakk reiste habilitetsspørsmål då sonen er leiar for brannvernet i Hareid og Ulstein. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Ole Brubakk vart samrøystes kjend habil

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Herøy kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert samarbeid innan brannvern mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

PS 142/18 BARNEVERN. GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE MELLOM HERØY OG VANYLVEN.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles barnevern for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

PS 143/18 FORSKRIFT OM ANLØPSAVGIFT FOR HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR AV FORSKRIFTSTEKST OG AVGIFTSSATSAR FOR 2019

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Forskrift om anløpsavgift for Herøy Kommune».

Forskrifta med endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av avgiftssatsar og mindre avvik som er av ikkje prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av anløpsavgifta.

PS 144/18 PRISAR OG VILKÅR FOR BRUK AV KOMMUNALE HAMNEANLEGG I HERØY KOMMUNE - ENDRINGAR I PRISAR OG VILKÅR FOR 2019

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

I medhald av lov 2001-04-17 nr. 19: Lov om havner og farvann (hamne og farvasslova) med tilhøyrande forskrifter vedtek Herøy kommunestyre forslag til endring av «Prisar og vilkår for bruk av kommunale hamneanlegg i Herøy Kommune».

Endringar vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

Nødvendige justeringar av prissatsar og mindre avvik som ikkje er av prinsipiell karakter kan gjerast av administrasjonen. Dette for blant anna å kunne tilpasse desse til eventuelle endringar i system/programvare for registrering og fakturering av hamneavgifter.

Det vert ikkje stilt krav til å føre sjølvkostrekneskap for kaivederlaga. Utgiftene til renter, avdrag og avskrivning for kaiene vert å trekke ut av ansvarsområdet Hamn og tilbakeføre til ansvar 9014 (avskrivning) og 9011 (renter/avdrag).

PS 145/18 REVIDERING AV FORSKRIFT OG SATSAR ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

I medhald av § 15 i Eigarseksjonslova godkjenner kommunestyret forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter eigarseksjonslova.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.01.2019

PS 146/18 REVIDERING AV FORSKRIFT OG SATSAR FOR HANDSAMING AV PRIVATE PLANSAKER - GEBYRREGULATIV

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

I medhald av § 33-1 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret revidert forskrift om gebyrregulativ for arbeid etter Plan- og bygningslova.

PS 147/18 FEIE OG TILSYNSGEBYR 2019

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. Herøy kommunestyre vedtek at gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i 2019 vert sett til kr 490,- inkl. mva pr. abonnent. Tillegg for ekstra pipeløp kr. 160,- inkl. mva.

For gassfyrte fyringsanlegg vert gebyret for feiing og tilsyn sett til kr. 285,- inkl. mva pr. abonnent.

2. Vedtaket er gjort med heimel i brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002, og tilhøyrande forskrift om brannforebygging av 17. desember 2015.
3. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

PS 148/18 GEBYR FOR UNØDIGE BRANNUTRYKKINGAR

Møtebehandling:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

4. Herøy kommunestyre innfører gebyrlegging av unødige brannalarmer knytt til automatiske brannalarmanlegg eller slokkeanlegg der Herøy brann og redning vert utalarmert.

Brannsjefen må kunne dokumentere den unødige brannutrykkinga som grunnlag for fakturering.

5. Gebyrsatsane for unødige brannutrykkingar vert slik:
Kr. 5.000,- pr. unødig brannutrykking på dagtid.
Kr. 10.000,- pr. unødig brannutrykking på kveld/helg.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå den dag det er vedteke.

PS 149/18 AVFALLSGEBYR 2019.

Møtebehandling:

Edel Goksøyr reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i SSR.

Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Edel Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1.ledd, bokstav e.

Margareth Leinebø reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i SSR.

Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Margareth Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1.ledd, bokstav e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. I medhald av forureiningslova § 34 og med atterhald om at saka vert vedtatt i Representantskapet til SSR den 15.11.2018, fastset Herøy kommunestyre følgjande gebyr for standardabonnement for renovasjon gjeldande for 2019:

Type abonnement	Gebyr pr. abonnement 2019	Merknad
Standardabonnement, dunk 140 l brun, matavfall 140 l grøn, restavfall 140/240 l blå, papiravfall	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Abonnement – nedgravd løysing	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Standard sekkeabonnement 30 sekker matavfall 15 sekker restavfall	Kr 3.268,80 Kr 4.086,- inkl. mva. Kr 1.362 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning
Redusert abonnement, dunk 80 l brun, matavfall 80 l grøn, restavfall 80 l blå, papiravfall	Kr 3.055,20 Kr 3.819,- inkl. mva. Kr 1.273 inkl. mva pr.termin.	Oppgradert abonnement
Redusert sekkeabonnement 18 sekker matavfall 12 sekker restavfall	Kr 2.841,60 Kr 3.552,- inkl. mva. Kr 1.184 inkl. mva pr.termin.	4% prisstigning

2. Kommunestyret vedtek i tillegg SSR 2019 – forslag til gebyrregulativ med unntak av slamtømningsgebyret som vert vedteke i eiga sak.
3. Vedtaket gjeld fram til det vert gjort nytt vedtak.

PS 150/18 GEBYRREGULATIV FOR SLAMTØMING 2019.

Møtebehandling:

Edel Goksøyr reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i SSR.

Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Edel Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1.ledd, bokstav e.

Margareth Leinebø reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i SSR.

Ho gjekk frå under handsaming av habilitet.

Margareth Leinebø vart samrøystes kjend inhabil etter Kl. §40, FVL. §6, 1.ledd, bokstav e.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. Årsgebyret for slamtøming av private slamavskiljarar vert vedteke uendra frå 2018 til 2019. Dvs. at gebyret i 2019 vert sett til kr.925,- for tankvolum inntil 6 m³. For traktortøming, større slamavskiljarar samt tette tankar er prisen entreprenørs faktura med eit påslag på 25%.
2. Vedtaket vert gjort med heimel i lov av 31. mars 1981 nr.6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

PS 151/18 GEBYRREGULATIV 2019 - AVLAUPSGEBYR.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. Herøy kommunestyre vedtek nytt gebyrregulativ for avlaupsgebyr for Herøy kommune med verknad frå 01.01.2019,jfr. Vedlagt forslag til Gebyrregulativ for avlaup 2019.
2. Dette vedtaket er gjort med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.mai 1974.

PS 152/18 INNFØRING AV AVGIFT FOR SAL AV TOBAKKSVARER I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding:

«Herøy kommune innfører avgift for sal av tobakksvarer i kommunen gjeldande frå 01.01.2019.

Avgifta sin storleik vert til ein kvar tid sett i samsvar med satsar i forskrift til tobakkskadelova.

Vedtaket er gjort med heimel i tobakkskadelova § 10 og forskrift om registrering av og tilsyn av tobakksvarer m.m § 24.»

15 røysta for formannskapet si tilråding. Formannskapet si tilråding fall mot 17 røyster.

PS 153/18 AVGIFTSSATSAR FOR BRØYTING AV PRIVATE VEGAR 2019

Møtebehandling:

Bjarne Kvalsvik reiste habilitet då han har avtale om brøyting for Herøy kommune. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Bjarne Kvalsvik er inhabil etter KL. § 40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav a.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. Brøyteabonmentane skal betale gebyr/beredskapsgodtgjersle fordelt slik:

- Fyrste halvår: 151 kroner.
- Andre halvår: 151 kroner + 65.520 kroner fordelt på tal på abonnentar.

2. For vegar med lengde 25-100m skal det betalast 140 kroner pr. gong. For kvar påbyrja 100m over dei fyrste 100m skal det betalast eit tillegg på 85 kroner.

Meirverdiavgifta kjem i tillegg.

Dei nye satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2019.

PS 154/18 LOKALE INNKJØP AV SKULEMATERIELL.

Møtebehandling:

Saka vert utsett.

PS 155/18 HERØY KULTURSKULE - RAMMEPLAN

Møtebehandling:

Saka vert utsett.

PS 156/18 LÅNEOPPTAK I 2018 OG FOR PERIODEN 2012-2017 FOR SSIKT.

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste spørsmål om habilitet då han er styremedlem i SSIKT.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVI §6, 1. ledd, bokstav e.

Varaordførar Camilla Storøy leia møtet.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) tek opp lån i 2018 for å finansiere nyinvesteringar dette året, samt kjøpe ut dei investeringane frå SSIKT som er aktivert i kommunane i perioden 2012-2017.

Samla låneopptak i 2018 er maksimalt kr. 28.000.000.

PS 157/18 RETTLEIANDE SATSAR FOR UTMÅLING AV SOSIALHJELP 2018

Møtebehandling:

NAV-leiar Jarle Stordal orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Kommunestyret vedtek dei vedlagte retningslinjene for utmåling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald.

PS 158/18 VIDAREFØRING AV NETTBRETT TIL POLITIKARANE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken med endring om å bytte ut ordet IPAD med elektronisk verkty.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

For dei som ønskjer å nytte eigen pc/nettbrett/iPad vert det gitt ein kompensasjon pålydande kr 1 500,- per kommunestyreperiode, jf. K-sak 24/13.

Det vert kjøpt inn nytt elektronisk verkty til faste medlemar og første varamedlemmar i formannskapet, kommunestyret, dei fire komiteane og plan og byggnemnda. I tillegg 10 som skal lånast ut til andre møtande varamedlemmar. Totalkostnad kr. 180 000,-.

Investeringa vert å innarbeide i 2019-budsjettet.

PS 159/18 ENDRING AV VEDTEKTENE FOR SØRE SUNNMØRE IKT-SAMARBEID (SSIKT)-LÅNEOPPTAK.

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste spørsmål om habilitet då han er styremedlem i SSIKT.

Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVI §6, 1. ledd, bokstav e.

Varaordførar Camilla Storøy leia møtet.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Søre Sunnmøre IKT-samarbeid (SSIKT) sine vedtekter § 13 får punkt 3 og skal lyde (endringa er merka):

«3. Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringar knytt til drifta av selskapet. Låneopptak skal basere seg på vedteke budsjett i styret. Maksimalt låneopptak i selskapet er kr 60.000.000. Låneopptaket skal godkjennast i kommunestyret til alle deltakarkommunane.

Herøy kommune føreset at alle kostnadar til renter og avdrag frå investeringane skal fordelast etter den til ei kvar tid gjeldande kostnadsnøkkel.

PS 160/18 KOMMUNESTYRE- OG FYLKESTINGSVALET 2019 - FASTSETJING AV VALDAG.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vert det halde 1 dags val i Herøy kommune.

Valdagen er fastsett i statsråd til måndag 9. september 2019.

PS 161/18 BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 - TREDJE HANDSAMING

Møtebehandling:

Det vart halde gruppemøte.

Formannskapet si tilråding med slike endringar vart vedteken:

Folk/SP, Bjarne Kvalsvik kom med slikt framlegg:

«Det er eit stort unytta potensiale til samlokalisering av tenester i Myrvåg, samt nye handels og tenestetilbod. Folkelista ser det som viktig å ha ein strategi å ha ledig areal her, for å unngå at kommunen taper av mangel på ledig areal.

Vi bytter såleis ut Kaier Mjølstadneset med opparbeiding av Næringsareal Myrvåg. Same beløp same år 2020 1000 2021 20000» - Framlegget fall mot 5 røyster

«Nytt punkt 17:

Kjøp av fiskerihamner skal finansierast av allereide avsette midlar, strategiske grunnkjøp i prosjektnr. 50153» - Samrøystes

Folk/SP, Bjarne Kvalsvik trekte framlegget:

«Folkelista ber om at toalettet i Goksøyra får same standrad som toalettet i parken i Fosnavåg»

H, Ann-Kathrin Storøy kom med slikt framlegg:

«Toalett på Runde, same standard som toalett i Parken. Ny sum kr 1 mill.» - Samrøystes.

«Indre Herøy Kyrkje. Interiør kr 500 000 i 2019 og 500 000 i 2020» - Samrøystes.

«Nygjerdevegen på Moltustranda – investering kr 300 000 i 2019 – Vedteke mot 10 røyster

Det vart røysta på Folkelista/SP sitt budsjettforslag – Budsjettforslaget fall mot 5 røyster

Budsjettforslaget frå Høgre, KrF og FrP mot AP sitt budsjettforslag - Ap sitt budsjettforslag fall mot 11 røyster.

21 røysta for Høgre, KrF og FrP sitt budsjettforslag.

Framlegg frå FrP, Solveig Båtsvik:

«Familiestøtte vert innarbeidd i budsjettet innanfor gjeldande budsjetttramme» - Samrøystes.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2019 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2019	2018
POLITISK LEIING	4.150	4.080
ADMINISTRATIV LEIING	1.835	1.795
STAB	46.780	45.960
Servicetorg	3.245	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	3.925
Økonomiavdeling	5.375	5.690
Personal- og org.avdeling	7.355	7.425
IKT	7.430	6.610
Eigedom	19.240	19.155
OPPVEKST	186.620	183.550
Barnehageavdeling	71.370	68.320
Grunnskuleavdeling	115.250	115.230
HELSE OG OMSORG	219.695	205.725
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.305
Barn, familie, helse (ink NAV og flyktning)	56.950	47.850
Pleie- og omsorgsavd	112.600	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.070	39.850
Tenestekoordinerer	8.740	8.580
SAMFUNNSUTVIKLING	34.820	33.215
Kulturavdelinga	8.990	8.575
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	7.630
Brannvernsavdelinga	8.300	8.800
Anleggs- og driftsavdelinga	9.170	8.210
OVERFØRINGSKAPITTELET	13.220	13.870
ØHJELP, MOTTAK		(1.180)
SUM	507.120	487.195

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskatteøre for år 2019.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
- Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2019.
Kr 2.990,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1 januar 2019 og kr 3.040,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1. august 2019
 - Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarende kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - Abonnementordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 380,- (kr 370,- i 2018)

- 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2018)
- 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2018)
- 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2018)
- Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2018)

- e. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per måned
- f. Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
- g. Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
- h. Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag
- i. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
- j. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn eller kr 120,- per dag (endra)
- k. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.150,- (kr 2.050,- per døgn i 2018).
- l. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.600,- (kr 3.500,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Betalingar for tenester til dirigent for vaksne kor og korps vert auka til kostpris. Alle endringane gjeld frå 01.08.2019.
- m. Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.705,- (kr 2.625,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.225,- per mnd (2.160,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.576,- (kr 1.530,-). Matpengar og satsar for ferie-SFO vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2019.
- n. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 145,- per gong på dagtid og kr 155,- per gong på kveldstid. Prisane gjeld frå 01.01.2019.
- o. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2019 gjennom egne vedtak i kommunestyret.
- p. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2018 til 2019
- q. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2018, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019.
6. Budsjettet for 2019 fører til slike nye faste stillingsheimlar:
- 100% stilling som psykolog finansiert av øyremerka statstilskott (omlag kr 400.000,-. Kommunal eigendel omlag kr 550.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
 - 140% stilling inna kvardagsrehabilitering. Finansiert med kr 620.000,- i statstilskott. Kommunal eigendel omlag kr 300.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
8. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.
9. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
10. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

11. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 89,65 mill for 2019 + 10,0 mill i vidareutlån i Husbanken. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet.
12. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
13. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansieringar i budsjettåret 2019. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
14. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.
15. Kjøp av fiskerihamner skal finansierast av allereide avsette midlar, strategiske grunnkjøp i prosjektnr. 50153
16. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2019 og økonomiplanen for perioden 2020-2022 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen. Vedteken investeringsplan er slik:

	2019	2020	2021	2022	SUM
Samfunnsutvikling					
Byutvikling	6 000	5 000	5 000	5 000	21 000
I 2019 skal denne summen gå til:					
- Ytre Almenning 2,0 mill kr					
- Gangveg i sentrum 0,6 mill kr					
- Toalett i parken 1,1 mill kr					
- Parkering i Fosnavåg sentrum 2,0 mill kr					
Avskjerande grøft Kvalsund			400		400
Grøft overvatn Huldalsvegen	300				300
Trafikktryggingstiltak		1 500	1 500	1 500	4 500
Tursti Myklebustvatnet				1 200	1 200
Tursti Djupvikvatnet			3 000		3 000
Bergsøy Kunstgrasbane nytt dekke		500	2 500		3 000
Jektenaust m.m.	2 400				2 400
Dragsund bustadfelt	1 000	9 000			10 000
Bø/Arhaug bustadfelt	6 500				6 500
Stokksund bustadfelt		1 000	14 000		15 000
Mjølstedneset næringsområde	625				625
Eggesbønes næringsområde		1 500	1 500	5 000	8 000
Eggesbønes næringsområde. Planleggingsmid	250				250
Mindre parkeringsplass Frøystad				1 000	1 000
Mindre prosjekt i bustadfelt	750				750
Bru til Herøy gard	300	3 000			3 300
Veg og parkering Rundavegen			600	800	1 400
Veg Flusund				5 000	5 000
Kaier på Mjølstedneset		1 000	20 000		21 000
Oppgradering av Grønhaugvegen				1 250	1 250
Oppgradering av veg Kleppeåsen	700				700
Oppgradering av veg til Marine Sales				750	750
Oppgradering av Vikevegen (til Vikeskaret)				5 000	5 000
Nygjerdevegen	300				300
Sum Samfunnsutvikling	19 125	22 500	48 500	26 500	116 625

	2019	2020	2021	2022	SUM
Eigedom					
Asbestsanering		1 000	1 000		2 000
Asfaltering ved kommunale bygg	250	500	500		1 250
Brannsikring av kommunale bygg	250	1 000	1 000	1 000	3 250
Desentralisert ventilasjon		2 000	2 000		4 000
ENØK tiltak		1 000	1 000	1 000	3 000
Kommunale bustadar	1 600	16 500	11 500	11 500	41 100
Leikeplassar		500	500		1 000
Herøy rådhus	3 000				3 000
Offentleg toalett Goksøyra	1 000				1 000
Bergslia barnehage	950				950
Myrsnipa barnehage	600				600
Bergsøy skule Blåhaugen	1 100				1 100
Bergsøy skule Borga	5 000	500	10 500		16 000
Einedalen skule, hall	8 000				8 000
Stokksund skule	6 000				6 000
Ytre Herøy ungdomsskule	500	5 000	5 000		10 500
Herøy omsorgssenter Raud/Grøn avd	4 000	6 000	10 000		20 000
Myrvåg omsorgssenter				5 000	5 000
Sjukeheimsvegen 14	1 300				1 300
Fosnavåg brannstasjon & driftsbase	18 000				18 000
Herøy kulturhus og idrettshall	2 000	7 000			9 000
Tilordning uteområde YHU	1 000				1 000
Sum Eigedom	54 550	41 000	43 000	18 500	157 050

	2019	2020	2021	2022	SUM
Andre investeringar					
Bibliotek, inventar	200				200
Digitalt satsing oppvekst	1 540	970	250		2 760
Utsyr/inventar Oppvekst	500	300	-	-	800
Utstyr til sjukeheim, kjøkken og teknisk drift	250	250	250	250	1 000
Digitalisering av arkiv Landbrukskontoret	215	215			430
Flishoggar	350				350
FV 18 Leine-Voldsund	1 000	9 000			10 000
Høgdeberedskap				3 000	3 000
Lokale investeringsmidlar IKT	2 125	2 125	2 125	2 125	8 500
Kryssing av Fosnavåg hamn	1 500				1 500
Lastebil		2 200			2 200
Ny vaktbil				900	900
Prosjekt e-Rom 2019	400				400
Herøy kyrkjelege fellesråd					
Oppgradering Interiør Indre herøy kyrkje	500	500			1 000
Gravplass for bergsøy og Leinøy					
Utviding Leikanger Kyrkjegard					
Tilhengar til til kjemikaliedykker, utstyr etc	100				100
Traktor Havila stadion	500				500
Sum Andre investeringar	9 180	15 560	2 625	6 275	33 640

PS 162/18 HØYRING OM ENDRING I DROSJEREGULERINGA - OPPHEVING AV BEHOVSPRØVINGA M.V.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Herøy kommune ønskjer ei god og fungerande drosjeteneste slik at ein kan kunne utføre lovpålagte oppgåver som skule- og rutekøyning og TT-transport.

Herøy kommune meiner det er viktig å oppretthalde eitt godt drosjetilbod i distrikta slik at ein byggjer opp og sikrar framtidige samfunnsstenester og eit tilbod for alle innbyggjarane.

PS 163/18 AVGRENSA REVIDERING AV "PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM" I KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2019-2022

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

Herøy kommune vedtek i medhald av Pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019-2022 slik det ligg føre i framlegget.

PS 164/18 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT BARNEVERN. TILSYN OG OPPFYLGJING

Møtebehandling:

Saka vert utsett.

PS 165/18 FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - FRODE HAMMERSETH

Møtebehandling:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.12.2018

1. Frode Hammerseth får fritak frå politiske verv ut valperioden.
2. Som ny siste varamedlem i komite for helse og omsorg vert Johnny Hundsnes vald.

MØTET SLUTT!